

## Tuntreet

I denne slåttespalta har det til nå berre blive presentert kjende klassikarar. Om ein ikkje kjenner til slåttemusikken meir enn så måteleg forbind ein gjerne denne med eldre tider. Men dei spelemennene som skapa slåttar var alle geni som ville noko med musikken sin, og som hadde behov til å uttrykkje seg gjennom den. Slik har slåttemusikken blive ei kunstnerisk uttrykksform som har vore viktig for slike einerar heilt opp til våre dagar.

Det har aldri vore mange spelemenn på same tid som har laga slåttar som har hatt kraft nok i seg til å overleva. Jon Kjos, Øystein Langedrag, Knut Lurås, Leikanrud, Ole O. Kollsrud, Møllarguten, Håvard Gibøen, Hans og Lars Fykerud og Svein Løndal er, med få unntak, dei namna som dukkar opp om det er prat om opphavet til slåttane frå eldre tider. Desse var alle spelemenn som hadde sitt virke på 17- eller 1800-talet. Framleis er det slåttar etter desse komponistane som blir mest nytta i Telemark, men også på 1900-talet blei det laga slåttar, som har fått sine fortente plassar på det ålmenne repertoaret til spelemenn.

Knut Dahle (1834-1921), Torkjell Haugerud (1876-1954) og Svein Løndal (1864-1949) dominera som nyskaparar fyri krigen, men det kom også mange etter, som skulle makte å skape noko mange ønska å lære. Eivind Groven (1901-1977), Eivind Mo (1904-1995), Olav Løndal (1904-1986), Kjetil Løndal (1907-1987) og Bergit Tjønn (1914-1985) er gode døme på slike. Men størst av alle når det gjeld mangfald i nyskaping på siste delen av 1900-talet var nok Johannes K. Dahle (1890-1980) i Tinn. Han komponera om lag 60 slåttar i si tid, og mange av desse har allereie blive klassikarar blant spelemenn.

Johannes var sonesonen til den vidkjende spelemannen Knut Dahle. Knut hadde i mange år vore engsteleg for at slåttane hans skulle døy ut med honom. Men da Johannes kom til verda byrja Knut etterkvart å ane håp; *"Å, ja – e' ser på fingan åt gutongan håkken som bli spelemann,"* sa han og sikta til Johannes. Johannes sin yngre bror, spelemannen Gunnar Dahle (1902-1989), var da ikkje fødd ennå.

Hjå Johannes såg han altså dei nevane han trudde kunne meistre kunsten.

Det skulle ta ei tid fyri Johannes fekk synt bestefar sin kva som budde i honom. Men som 12-åringa byrja han endeleg å vise takter. Da gjette han i lag med ein 2 år eldre sambygding som heitte Ola Bakkhus. Ola sa til Johannes at han måtte få seg fele, slik at han kunne bli spelemann som bestefar sin. Ola hadde ei fele som Johannes skulle få kjøpe. Spelemannen i Johannes vakna til liv da. Slik fekk Johannes seg fele og reiste raskt opp til bestefaren med ho. Knut blei glad da han såg guten kom med fela, og han tok til å spela for honom; *"O' da tok det me' så e' måtte gøyme me' attafe' kubbestolen han sat i, fe' o' få gråten bort,"* fortalde Johannes. Det å kunna spela slik for folk, det måtte vera noko, tenkte gutungen.

Etterkvart lærde Johannes den eine slåtten etter den andre av bestefaren sin. Og det skulle vise seg at Knut skulle få rett med omsyn til sonesonen: Betre nevar kunne ikkje slåttane hans koma i.

Johannes blei raskt sær god og allereie i 20-åra var han fullgod spelemann. Johannes blei fast følgesvein med bestefaren der Knut til nå hadde vore eineherskar. Etterkvart overtok han plassen.

Spelet stod i høgsetet for Johannes. Han var ungkar heile livet og systema Anne sa det slik:

*"Han æ gift med fela, han."*

Han gav att av musikken han var så glad i på ein måte så dei fleste sat som fjetra. Få spelemenn har vunne så stor respekt hjå så mange av dei gode spelemennene i fylket som honom.

Ingen har heller spela inn så mange slåttar i arkivet i NRK som Johannes K. Dahle. Slik er han ei uerstatteleg kjelde for oss som kjem etter.

*”Du må dikte slåttar, Johannes! Det berikar spelet det,”* sa meisterspelemannen og venen Torkjell Haugerud til honom ei gong. Det var da Johannes for alvor byrja å komponere. Da opna ei mest uuttømmeleg kjelde seg; for mangt eit høve og etter mang ei oppleving skapa han tonebilete. Stundom sa einkvan til honom: *”Du må dikte ein slått om detta.”* – *”Også gjorde e’ det,”* sa Johannes.

Slik som bestefaren virka også Johannes som husmålar. Ein av dei beste slåttane hans skriv seg frå eit slik oppdrag. Da måla han for Andreas Årlie.

Sjølv fortalde Johannes: *”E’ va’ der o’ måla, o’so ha’n ei libjørk som’n va so begeistra fe’. Kvistan hekk so fint nedivi, o’ solskinet sildra gjennom greinin. E’ ha’kje byna dikte låttu’ den ti’, men so sa’n dæ, Andreas, at e’ sku’ dikte ein lått om da bjørkje. So kom det fe’ meg att seinar.”*

Fyrst kalla Johannes slåtten Årliebjørka, men han forandra namnet til Tuntreet.

Denne perla prydar slåttefloraen med same glansen som det verkelege tuntreet han blei inspirera av gjorde i sine omgjevnadar.

**Anbefala innspeling:**

*Olav K. Øyaland: ”Haugelåt”* (BKCD9. Buen Kulturverkstad, 1995)

**Kjelder:**

- *Knut Buen: ”Som Gofa spølå”* (Rupesekken forlag, 1983)